

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. februar 2012.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Halvor Homme, Marie Seltveit, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Erik Skjervagen.
Hans Bakke, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Kjell Gunnar Heggenes, Ole Dalen og Haldor Kaasin.

Innleiingsvis orientera Halvor Vasshus, Vinje kommune om arbeidet med etablering av helikopterbase for Norsk Luftambulansse.

Det er ynskjeleg frå Norsk Luftambulansse å få tilgang til adresser til hytteeigarane i kommunane. Norsk Luftambulansse vil sende eit brev til kvar einskilt kommune om å kunne nytte desse listene til informasjon i samband med beredskapen i påska 2012, der det vert stasjonert eit helikopter i Rauland.

Arne Vinje streka under at arbeidet med etablering av helikopterbase vert gjort for å høgde akuttberedskapen i eit stort geografisk område på indre austlandet. Viktig at heile Telemark står opp under arbeidet med etablering av basen.

Det vart gjort framlegg om å fornye rådsvedtaket frå 21.06.2011, sak 43/2011.

Vedtak:

"Vest-Telemark vil stø opp om arbeidet som Vinje kommune gjer i saka"

Samrøystes

Ein gjekk deretter over til den oppsette saklista og møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 09/2012 Referat frå rådsmøte 24. januar 2012.

Vedtak: "Referat frå rådsmøte 24. januar 2012 vart godkjent utan merknader."
Samrøystes vedtak.

Sak 10/2012 Mandat vidare organisering av Vest-Telemarkrådet

Regionordføraren orienterte innleiingsvis om vedtaket i møte 24. januar der Rådet vedtok å gå vidare med eit forprosjekt for å utgreie sentrale tema i omorganiseringa. Det låg føre forslag til mandat utarbeidd av den nedsette arbeidsgruppa.

Rådmann Ketil Kiland viste til at eit samrøystes rådmannsutval no ser seg ferdig med saksutgreiing i saken, og såleis ikkje ser trongen for dette arbeidet.

Det vart frå ordføraranes side presisert at det er trong for vidare utgreiing og at dette er eit politisk vedtak som skal fylgjast.

Vedtak: "Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til mandat for eit forprosjekt etter PLP-metoden, der ein vil gjennomføre ei konsekvensanalyse i høve til eigarsskap og økonomi i dei 2 alternative modellane:

- *Fleirtalsmodellen frå rådmennes notat*
- *Forslaget frå regionrådsleiar av 24. januar 2012*

Vest-Telemarkrådet står som eigar av prosjektet med regionordførar som prosjektansvarleg. Ketil Kiland vart på møtet valt til prosjektleiar for forprosjektet."

Samrøystes vedtak.

Sak 11/2012 Finansiering av Strategisk Næringsplan 2011 - 2014

Det vart i orientert om bakgrunnen for saken og dei utfordringane regionen har i høve til finansiering av planen. Rådet drøfta inngåande omkring prosedyrer og rekkjefylgje for handsaming i kommunane og i dei øvrige finanskjeldene.

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til finansiering. Det må snarast sendast inn finansieringssøknader for dei tiltaka som er klare.

Når det gjeld kommunal deltaking i regional eigenfinansiering av Strategisk Næringsplan for åra 2013 og 2014 må det sendast søknad for kvart einskilt prosjekt.

Rådmannsutvalet saman med regionrådsleiararen får i oppdrag å utarbeide prosedyre for framtidig handsaming av regionale prosjekt."

Sak 12/2012 Orienteringssaker

- Landslinje - Natur og miljøfag. Brev frå Tinn kommune/Kongsbergregionen. Regionrådsleiar får i oppdrag å legge fram saken for endeleg handsaming i neste rådsmøte.
- Løyving frå Fellesfondet – Brev frå styringsgruppa for *Telemark* Historie. Saka må handsamast av styret for Fellesfondet og ein vil freiste å få til eit møte i samband med Rådsmøtet 20.03.12
- PLP - minikurs for VTR – førespurnad frå kurshaldar Kinei som har hatt PLP-kursa. Kvar enkelt vert oppmoda om å melde seg på dei annonserte kursa.
- Motorferdsel i utmark - brev frå Rådet er sendt med underskrift av alle ordførarane
- Gaupesaken - brev sendt med underskrift av alle ordførarane.
- Posten Norge ynskjer å redusere posttilbodet i form av reduserte opningstider og redusert post-ombering. I tillegg vert det også lansert nedlegging av ei rekkje postkontor. Regionrådsleiar lagar forslag til sak til neste rådsmøte.
- Evaluering av Vest-Telemarkkonferansen 2012 vert sak på neste møte.

Sak 13/2012 Ymse

Ingen saker